



Den Norske Kyrkja
Bjerkreim
Postboks 38
4389 Vikeså

Dato 14.06.2017
Arkiv 17/66-002
Saksbeh

Den norske kyrkja
Kyrkjerådet
E-post: post.kirkeradet@kirken.no

Høyringsuttale – forslag til nye rglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

Bjerkreim sokneråd takkar for høvet til å koma med høyringsuttale. Soknerådet (eit sokns kommune) behandla denne saka på møtet i dag 14.06.17, og vil koma med fylgjande uttale:

Soknerådet meinar valreglane bør vera dei same både for val til sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøtet og fylgja bestemmingane i Vallova så langt det let seg gjera. Reglar for endringar på stemmesetlane bør vera dei same som ved andre offentlege val.

Soknerådet oppmodar på det sterke til direkte val til bispedømmeråd/Kyrkjemøtet (alternativ 2). Rådet oppmodar om endring av Kyrkjelova § 23 d slik at denne paragraf ikkje er til hinder for det.

Bjerkreim sokneråd støttar vidareføring av dagens ordning med nominasjonskomité med moglegheit for andre grupper av forslagsstillerar til å stilla kandidatlister (alternativ 1). Rådet åtvarar mot å leggja til rette for ordningar og praksis som direkte eller indirekte opnar for verksemd i kyrkja som kan likna på partipolitikk. Subsidiert kan rådet støtta alternativ 2.

Rådet ønskjer ikkje å etablira tilskotsordning til t.d. nomineringsgrupper. Tilskot til lokal tilrettelegging, trykking av lister og utsending av valkort, bør oppretthaldast.

Soknerådet støttar forslaget om å innføra 30.juni i valåret som skjeringsdato også for kyrkjevala.

Tidlegstemming og/eller ambulerande stemmegiving bør ikkje vera eit krav. Dersom valreglane opnar for det, bør det vera opp til det lokale valstyret å avgjera om ein har ressursar til det.

Med helsing

Agnfrid Espeland

Agnfrid Espeland

Kyrkjeverja i Bjerkreim